



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

27 OKT 2014

Mesterhus – Os
v/Byggmester Bjørn Døsen
Kolskogheiane 17
5210 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2014/099438-005

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.10.2014

Vedrørende trafikale krav for realisering av bustadfelt på gbnr 86/106 i Os kommune

Vi viser til synfaring på Bogastarnd 26.09.14 med grunneigare og byggmester Døsen.

Statens vegvesen har uttalt seg til bustadprosjektet ved varsel om oppstart av reguleringsarbeidet. Ved denne uttalen hadde vi eit særleg fokus på dei avgrensa moglegheitene for etablering av kryss på staden. Vi oppfordra til å vurdere alternativ tilkomst før vurdererte planen vidare..

Ved synfaringa vart Statens vegvesen orientert om prosjektet som i hovudsak gjeld etablering av bueiningar i det bratte terrenget ned mot Fusafjorden. Opphavleg vart det søkt om eit tal på bueingar som saman med eksisterande bustader på staden gjorde det naudsynt å dimensjonere dagens avkøyrslar som kryss. Ved synfaring forklarte byggmeister Døsen at ein ville leggje opp til eit tal nye einingar som tilsaman ikkje ville vere høgare enn 9 for avkøyrsla. Dette for å kunne ha ein svingradius på 4 meter og ikkje 9 meter noko som ville føre internvegen ut over fjellskrenten. Ved avkøyrsla er det i dag om lag 15 meter frå kant av Fv 137 og til punktet der terrenget faller mot Samnangerfjorden.

Vidare opplyste Statens vegvesen at ein parallell internveg til Fv 137 måtte ha ein distanse som tilsvara sikringssona til fylkesvegen. På denne vegstrekninga er denne 6 meter frå kant av fv 137.

I etterkant av synfaringa 26.09.14 har vi sett på saka med bakgrunn i ny informasjonen gjeve på staden. Vi ser at ei mindre utbygging enn det som først var varsla kan la seg gjere med tanke på ny avkøyrslar på staden. Det er mogleg å få til ein svingradius der internvegen blir liggjande i ytterkanten av terrenget. Vidare må det fjernast vegetasjon og bergnabbar i begge retningar i 100 meters lengde. Sjølv om det ikkje er nokon optimal løysing med vegen ytst i terrenget kan truleg dette la seg løyse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Det som er mest utfordrande i dette prosjektet slik det no framstår er byggjegransa som det er lagt opp til. Ho er på berre 20 meter. Vi ser at dette er gjort med bakgrunn i terrenget si utforming på staden. Likevel er dette svært kort distanse. Rammeplanen for byggjegranser og avkøyrslar i Region Vest legg opp til 30 meter byggjegransa på Fv 137. I dei seinare åra er det gjeve fleire byggjegransa dispensasjonar på Fv 137 på 30 meter. Statens vegvesen oppfatar at dette i hovudsak er ein god distanse i høve trafikktryggleik og støv og støyproblematikken frå biltrafikken. Byggjegransa skal vere i samsvar med Rammeplanen for byggjegranser og avkøyrslar i Region vest som for denne vegen er på 30 meter.

Samanfatning

Med dette som bakgrunn ser vi det som naudsynt at tiltakshavar prøvar å flytte plasseringa av bustadeiningane eller at ein eventuelt finn andre stadar som kan vere i samsvar med Rammeplanen. Vi ser at dette nok kan vere utfordrande, men det er likevel naudsynt for at vi skal kunne akseptere planen ut i frå det trafikale ansvaret som Statens vegvesen skal ivareta. Vi kan ikkje vere positivt innstilt til planen slik han no er utforma, med ei byggjegransa på 20 meter.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Os kommune